

---

Arkivsak-dok. PLAN-22/00090-15  
Saksbehandler Jan Rune Jacobsen

Utval

Møtedato

Utvalsak

---

## Reguleringsendring bustadfelt Vik - Selnes

### Kommunedirektøren si innstilling:

I medhald av PBL § 12-12 godkjenner kommunestyret forslag til reguleringsendring for del av bustadfeltet Vik-Selnes (gnr/bnr 60/9 og 61/105), med plankart og føresegner datert 19.09.22 og planomtale datert 05.07.2022.

### Saksopplysninger

#### Bakgrunn:

Målet med planarbeidet er å oppdatere delar av ein eldre plan (1988) og legge til rette for bustader innanfor definisjonen «småhus», som omfattar frittliggande og samanbygde bustadhus med inntil 3 plan, avgrensa i samsvar med PBL § 29-4 til mønehøgd 9 m og gesimshøgd 8 m frå ferdig planert terreng. Planforslaget har vore lagt ut til offentleg ettersyn og det er mottatt 3 fråsegner, alle frå offentlege instansar. Desse er referert og kommentert nedanfor.

#### Vurdering

**Møre og Romsdal Fylkeskommune (MRFK)** ønsker at det gamle tunet på bnr 9 blir innarbeida i planen. MRFK gjer elles merksam på kommuneplanen sine krav til kvartalsleikeplass ved oppføring av fleire enn 30 bustader. Til slutt minner MRFK om verdien av utforming av omgjevnaden, slik at den kan nyttast av alle menneske (universell utforming).

*Kommunedirektøren viser til at status no er at det er gitt rivingsløyve for både bustadhuset og låa. Det er ikkje rekningsssvarande å ivareta husa, slik MRFK foreslår. Tiltakshavar har elles ikkje intensjonar om at det skal byggast så mange husvære at det utløyser kravet om kvartalsleikeplass. Om ein legg til grunn ei god blanding av 1- og fleirmannshusvære og reknar gjennomsnittleg 2 husvære pr. tomt vil dette bli 24 bueiningar.*

**NVE** har ikkje vurdert planen, grunnlaget for denne eller vurderingane av desse, men legg vekt på at dette er kommunen som planmynde sitt ansvar uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale i saka.

*Kommunedirektøren har vurdert at det ikkje ligg føre noko naturfare for utbygging av dette området, som gir grunnlag for innvendingar til planforslaget kva gjeld risiko og sårbarheit.*

**Statsforvaltaren i Møre og Romsdal** har ikkje merknader til forslaget.  
Oppsummert vurderer kommunedirektøren at planforslaget kan godkjennast.

### **Vedlegg**

2022.07.05. Planomtale

2022.07.05. Reguleringsføresegner

2022.07.05. Vedr. kryss Vikvegen Fv661

Plankart

Prosess

ROS-analyse

annonse Vik Selnes o e

NVE si generelle tilbakemelding - Offentleg ettersyn - Privat reguleringsendring for delar av bustadområdet Vik-Selnes

Vestnes kommune - detaljregulering - privat reguleringsplan for Vik-Selnes - fråsegn til offentleg ettersyn

Vestnes%20kommune%20-

%20Privat%20reguleringsendring%20for%20delar%20av%20bustadomr%C3%A5det%20Vik-Selnes%20-%20Fr%C3%A5segn%20til%20h%C3%B8yring

2022.09.19. Plankart.pdf

2022.09.19. Reguleringsføresegner.pdf

### **Særutskrift:**